



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet

Hardangerbrua AS

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/125
Vår dato: 03.03.2016

Partsbrev - Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Oppfølging

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Kvam herad
Ordførar
Rådmann
Deloitte AS
Utvaleiar

Arkivsak: 216
 Arkivnr: 2014/125-26
 Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	8/16	24.02.2016

Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Oppfølging

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet mottok våren 2014 invitasjon frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune om å delta i felles selskapskontroll av Hardangerbrua AS. Kvam herad, samt Voss kommune, Ulvik herad, Ullensvang herad og Eidfjord kommune takka ja til å delta i denne felles selskapskontrollen.

Revisjonsrapport vart handsama i kommunestyret i Kvam herad 19.05.15 i sak 031/15 der det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Hardangerbrua AS, ber kommunestyret om at:

Hardangerbrua AS syter for å:

1. *Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:*
 - *Utarbeide styreinstruks*
 - *Gjennomføre eigenevaluering for styret*
 - *Tilbod om opplæring for styrerepresentantar*
 - *Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver*
 - *Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid*
 - *Slutte seg til KS sitt styrevervregister*
2. *Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.*
3. *Gjennomgå sine rutinar for journalføring og vurderer korleis ein kan få selskapet sin postjournal i samsvar med krav til journalføring i arkivforskrifta.*
4. *Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.*
5. *Det vert laga ein handlingsplan innan 01.06.15., som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Drøfting:**Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ba Hardangerbrua AS om oppfølging i saka 05.01.2016 slik:**

«Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama «Handlingsplan Hardangerbrua AS» etter selskapskontroll av selskapet, i møte 24.8.15 og det vart gjort slikt vedtak: Kontrollutvalet ser positivt på at Hardangerbrua AS har sett i verk nokre av tiltaka som går fram av vedtaket i fylkestinget. På bakgrunn av at det er planlagt at fleire av tiltaka, punkt 1 og 4, skal setjast i verk i samband med hhv. valet hausten 2015 og for rekneskapsåret 2016, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.»

Svar frå Hardangerbrua AS dagsett 14.1.16 ligg ved. Av svaret har sekretariatet registrert følgjande:

I høve punkt 1 i vedtaket er styreinstruks utarbeidd og vedteke av styret. Dei andre kulepunkta i punkt 1 er planlagt gjennomført i februar 2016 / etter årsmøtet 2016. Når det gjeld punkt 4 går det fram av svaret at denne kan kanskje forbetrast noko.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram av svaret tilrår sekretariatet at og kontrollutvalet i Kvam ber om nytt utfyllande svar på resten av kulepunkta i punkt 1 og punkt 4 etter at årsmøtet er halde, t.d. med frist til 30.6.16.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Kvam registrerer at Hardangerbrua AS har fått på plass styreinstruks for selskapet. Det vert også registrert at resten av kulepunkta i punkt 1 og punkt 4 ikkje er ferdig enno, men at dette vil vera ferdig når årsmøtet i selskapet er halde i løpet av første halvår 2016. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny tilbakemelding på punkt 1 og 4 innan 30.6.16.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Kvam herad - 24.02.2016**Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet i Kvam registrerer at Hardangerbrua AS har fått på plass styreinstruks for selskapet. Det vert også registrert at resten av kulepunkta i punkt 1 og punkt 4 ikkje er ferdig enno, men at dette vil vera ferdig når årsmøtet i selskapet er halde i løpet av første halvår 2016. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny tilbakemelding på punkt 1 og 4 innan 30.6.16.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.